

## Høyringsfråsegn om framlegget til ny nynorsk rettskriving frå og med 2012

Det er ikkje lett å døma kategorisk om framlegget til ny nynorsk rettskriving av 1. februar 2011. Mandatet for rettskrivingsnemnda inneheld ulike vilkår som nemnda ikkje har kunna sameina som eitt vilkår for framlegget sitt.

Er det noko gale med mandatet, er det i alle høve for seint å endra på det. Det er heller ikkje mogleg å endra på det vilkåret at språknormeringa i 2011 ikkje berre kan fylgja logiske vegar til rettskrivingsmålet. At mandatet eventuelt ikkje er heilt konsistent, kan ein altså ikkje utan vidare kritisera det for.

Eg meiner likevel at Språkrådet og Kultrudepartementet i vurderinga av rettskrivingsframlegget må taka meir omsyn til at skriftmålforma nynorsk skal ha konsekvens og vera unik enn til at det skal ha talemålsgrunnlag i dialektane.

Det er så å seia anakronistisk å meina at hovudpremissen for normeringa av nynorsk kan vera å fylgja (det smuldrande) dialektgrunnlaget i Noreg. Talemålsutviklinga skal sjølvsagt ha fylgjer for skriftmålsutviklinga, men i tilfellet nynorsk trengst fyrst og fremst stabilisering av skriftbiletet. Dersom eit hovudføremål med den nye rettskrivinga er å auka statusen for og bruken av nynorsk, treng det nynorske skriftbiletet all den stabiliteten det kan få.

Det seier ikkje lite at det *ukontroversielle og udiskutable* ved rettskrivingsframlegget (til dømes at ein framleis skal kunna *velja* mellom å skriva infinitivane med -a eller -e som siste bokstav, som i *kasta* eller *kaste*), truleg gjev ei mykje vidare skriftnorm enn dei fleste andre normerte skriftmål har.

Dialektane og talemålsformene brigdar seg så mykje at ei hovudsakleg dialekt- og talemålsbasert skriftnorm for nynorsk, ikkje kan vera til å stola på. Ei slik skriftmålform for nynorsk kan per definisjon ikkje verta ståande lenge. Det er i tilfelle i strid med mandatet for rettskrivingsnormeringa.

Idealet for den norske talemålsutviklinga er for tida ikkje skriftmålet nynorsk, men hovudsakleg skriftmålet bokmål. Bokmålet har så å seia vorte den faste borga for talemålet til fleirtalet av norsktalande.

Dersom ein vil at nynorsk skal verka meir med som ideal for talemålsutviklinga her i landet, er difor hovudpremissen at nynorsk 1) meir konsekvent 2) vert nytta mykje. At konsekvent bokmål vert nytta mykje, er sjølvsagt hovudgrunnen til at det er bokmålet som verkar mest på det norske talemålet.

I vurderinga av rettskrivingsframlegget må Språkrådet og Kulturdepartementet leggja størst vekt på den indre samanhengen i skriftmålet nynorsk, slik han er å sjå i bruken gjennom tidene. Det innber ikkje at det ikkje skal takast omsyn til talemålsgrunnlaget i 2011.

Leier det til målet å fjerna fridomen til å velja mellom *ta* og *taka*, og samstundes innføra fridomen til å velja mellom *bunader* og *bunadar*? Eg trur det ikkje. Kva eg eigentleg meiner om *mye* og *mykje* – eller *skolen* og *skulen* i 2011 – er ikkje heilt lett å finna ut.

Askøy, 25. februar 2011

Erlend Bakke